

1. Høyringsinnspel er sendt inn av: (Namn på person, gruppe e.l) *

Samarbeidsutvalet Sauda ungdomsskule

2. Del 1: BARNES BESTE VURDERING: Er de samde i vurderingane av det som er vekta høgt i den gjennomførte barns beste vurderinga, og det som har lågare vekting?

- Ja
- Nei
- Det er delte meiningar i saka (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Anna (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Veit ikkje

3. Kommentar til svar Barns beste vurdering

Samarbeidsutvalet meiner at dei punkta som har fått lågare vekting er like viktige som dei som er vekta høgt. Ein har vore for snever her.

Vektinga tar for det meste omsyn til arealbruk, universell utforming og scoring på nasjonale prøvar. Verdjar som nærmiljø, skoleveg, rekruttering av nye innbyggjarar og samspel med blant anna søsken kunne ein gjerne ha vekta høgare.

4. Del 2: NÅ-BILETET: Opplever de at nå-biletet/beskriving av situasjonen, slik det kjem fram av rapporten til Norconsult, gir eit realistisk bilete av sliK tilbodet er i barnehagane og skulane våre?

- Ja
- Nei
- Det er delte meiningar i saka (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Anna (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Veit ikkje

5. Kommentar til svar NÅ-biletet

Det er mest sannsynleg gjort ein feilaktig framstilling ved beskrivelse av ledig kapasitet på Austarheim skule – det kan umuleg være plass til 100 elevar meir enn det som går der i dag? Om det er ein feil (og ein har utelatt nødvendig areal som gymsal og skolekjøkken) er det nødvendig å sjå på konsekvensar og kostnader på nytt. Kostnader til påbygg på Austarheim skule kan verta dyrare om påbygget må være større enn det Norconsult gir uttrykk for.

6. Del 3: FRAMTIDSBILETET: Meinar de framtidsbiletet gir ei god framstilling av kva som bør kjenneteikna barnehage- og skuletilbodet i Sauda?

- Ja
- Nei
- Det er delte meiningar i saka (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Anna (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Veit ikkje

7. Kommentar til svar framtidsbiletet

Fremtidsbildet er ambisiøst og flott! Det er store mål, men er det realistisk? Ein er veldig avhengig av vilje til investering i barnehage og skule – rett og slett barn og unge generelt. Både investering i bygg, men også investering i budsjettmidlar og derav ressursar. Til grunn for ein god oppvekst ligg varme og trygge vaksne. Utvalet trur ikkje ein greier dette utan å tilføra ekstra ressursar til oppvekstsektoren.

8. Del 4: GAP-analyse: Er de samde i dei vurderingane referansegruppa og prosjektgruppa har gjort i GAP-analysen?

- Ja
- Nei
- Det er delte meiningar i saka (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Anna (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Veit ikkje

9. Kommentar til svar GAP-analysen

Det er vanskeleg å forstå kva som er dagens og kva som er framtidens oppvekst. Kva er eigentleg barns beste? Det er vanskelig å forstå vedlegget i saka. Det er tomme ord utan innhald og faktiske vurderingar til korleis barnehage og skule er i dag og kva tiltak som må med for å forbetre oppvekstforholdene. I GAP-analysen som er vedlagt er det presentert tal som skal vise differansen mellom nå og framtida – kva representerer dei tala? Det kan umuleg være ein differanse mellom nå og framtida på 4 poeng på ein skala frå 1 til 5.

10. Del 5: BARNEHAGE. Er de samde med kommunestyret sitt vedtak for barnehage? (Vidareføre dagens barnehagestruktur, alternativ 0, i påvente av avgjerd om framtidig skulestruktur. For fullstendig vedtak, sjå saksframlegg)

- Ja
- Nei
- Det er delte meiningar i saka (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Anna (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Veit ikkje

11. Dersom de svarar nei, delte meiningar, eller anna, kva alterantiv ønskjer de?

- Alternativ 0 +: Dagens organisering (med oppgradering)
- Alternativ 1a: Leggje ned Leabøen barnehage
- Alternativ 1b: Leggje ned Rustå barnehage
- Alternativ 2: Ein kommunal barnehage, ved å byggje på ein av dei eksisterande
- Det er delte meiningar i saka (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Anna (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)

12. Kommentar til svar barnehagestruktur

13. Del 5: SKULE; del 1. Er de samde med kommunestyret sitt vedtak for barneskule? (Sauda skal i framtid ha ein felles barneskule. For fullstendig vedtak, sjå saksframlegg.)



Ja

Rett avkryssing – sjå epost under



Nei

Feil avkryssing – sjå epost under



Det er delte meiningar i saka (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)



Anna (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)



Veit ikkje

14. Kommentar til svar skulestruktur, del 1

Norconsult gir råd om ein stor skule, men dei skriv også at det er viktig å utrede vidare før en konkluderer. Posisjonen i kommunestyret har gått lengre enn kva Norconsult anbefaler på dette stadiet. Det er viktig å belyse flest moglege sider av saka og ein må sjå på driftsbudsjett, skolevegar, etterbruk av bygg osv.

Høyringsinnspel «Prosjekt framtidig organisering av oppvekst»



Anny-Victoria Øyen Rustad



Til: Målfrid Selvik Årthun; Postmottak Sauda



Svar



Svar alle



Videresend



ma. 22.07.2024 20:21

Hei

Det er ein feil i innsendt høyringsinnspel frå SU Sauda Ungdomsskule.

Det skal vere svaralternativ "Ja" på spørsmål 13.
Kan de vennligst endre dette?

13.Del 5:

SKULE del 1. Er de samde med kommunestyret sitt vedtak for barneskule? (Sauda skal i framtid ha ein felles barneskule. For fullstendig vedtak, sjå saksframlegg.)

Ja: X

Nei

Det er delte meiningar i saka (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)

Anna (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)

Veit ikkje

På vegne av SU Sauda Ungdomsskule
Anny V. Rustad

Sendt frå [Outlook for iOS](#)

15. Del 5: SKULE; del 2. Er de samde med kommunestyret sitt vedtak om at fram til det kan etablerast ein felles barneskule, skal kommunestyret iverksetje 2a, ein skule for 1. - 4.klasse, og ein for 5. - 7.klasse. Tiltaket forutsetter at forprosjekt for ny felles barneskule er klar, særleg med omsyn til plassering. (For fullstendig vedtak, sjå saksframlegg.)

- Ja
- Nei
- Det er delte meiningar i saka (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Anna (gi gjerne utfyllande svar i kommentarfelt)
- Veit ikkje

16. Kommentar til svar skulestruktur, del 2

Forslaget om mellomsteg og todeling av barneskolen bryter totalt med heile mandatet til framtidens oppvekst. Det er kvalitet og kompetanse som skal stå i fokus. Utro utruleg dårlig å lansere eit mellomsteg som ikkje har vært ein del av prosessen eller til diskusjon verken i prosjektgruppa eller referansegruppa.

17. Ope kommentarfelt for andre innspel

Forprosjektet bør sjå på skoleveggar, etterbruk av bygg, konsekvensar for nærmiljø og bostadsattraktivitet samt driftsutgifter til Sauda kommune. I tillegg bør ein absolutt i tidlig fase sjå på fleire alternativ i utredninga – kva med to barneskular i Sauda (1.-7.klasse) der ein er plassert i Saudasjøen og ein i Sauda?